



Saksmappe: 2026/129
Sakshandsamar: EBI
Dato: 19.03.2026

Saksframlegg

Utv. Saksnr.	Utval	Møtedato
27/26	Kommunestyret	26.03.2026

Vedtak av planprogram Kommunedelplan for kommunale vegar 2027-2037

Kommunedirektørens si tilråding

1. Kommunestyret vedtek planprogram for *Kommunedelplan for kommunale vegar 2027-2037*, datert 04.03.2026, jf. plan- og bygningslova § 4-1 og § 11-13.
2. Planarbeidet vert gjennomført i samsvar med vedtekne planprogram.
3. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjennomføre planprosessen og leggje fram forslag til kommunedelplan for kommunale vegar for politisk handsaming.

Kommunestyret si handsaming av sak 27/2026 i møte den 26.03.2026:

Handsaming

Saka vart drøfta

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteke

Vedtak

1. Kommunestyret vedtek planprogram for Kommunedelplan for kommunale vegar 2027-2037, datert 04.03.2026, jf. plan- og bygningslova § 4-1 og § 11-13.

2. Planarbeidet vert gjennomført i samsvar med vedtekne planprogram.

3. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjennomføre planprosessen og leggje fram forslag til kommunedelplan for kommunale vegar for politisk handsaming.

Samandrag/konklusjon

Det er behov for ein oppdatert og heilskapleg plan for dei kommunale vegane i Bykle kommune. Gjeldande styringsgrunnlag er fragmentert, og det manglar eit overordna prioriteringsverktøy for drift, vedlikehald og investeringar.

Planprogrammet klargjer føremål, plantype, organisering, og framdrift for arbeidet med ein tematisk kommunedelplan etter plan- og bygningslova. Planen skal gi politisk styring, betre prioriteringsgrunnlag og sikre samanheng mellom vegforvaltning, arealutvikling, trafikksikkerheit, klimaomsyn og økonomiplan.

Kommunedirektøren tilrår at planprogrammet vert vedteke slik det ligg føre.

Bakgrunn for saka

Bykle kommune har ansvar for forvaltning, drift og utvikling av det kommunale vegnettet. Vegnettet er avgjerande for:

- Trafikktryggleik og nullvisjonen.
- Beredskap og framkome.
- Næringsutvikling og reiseliv.
- Bustadutvikling og stadutvikling.
- Livskvalitet for innbyggjarar og tilreisande.

Det er eit aukande behov for systematisk prioritering av midlar til vedlikehald og investeringar. Samstundes reiser det seg prinsipielle spørsmål om kva for vegar som skal vere kommunale, og kva kriterium som skal leggjast til grunn ved eventuell overtaking av private vegar.

I gjeldande planstrategi for perioden 2025-2028 er det peika på behov for ein hovudplan/kommunedelplan for kommunale vegar. Planarbeidet er vidare i tråd med kommuneplanen sin samfunnsdel, som slår fast at temaplanar skal konkretisere mål og strategiar.

Planprogrammet som no vert lagt fram, er første steg i planprosessen, og skisserer rammer og opplegg for vidare arbeid.

Formelt grunnlag

Planarbeidet er heimla i:

- Plan- og bygningslova § 4-1 (planprogram).
- Plan- og bygningslova § 11-1 og § 11-13 (kommunedelplan)

Planen vert utarbeidd som ein tematisk kommunedelplan, og vil følgje krava til varsling, høyring og politisk vedtak etter plan- og bygningslova.

Planen er også i høve til vedteken planstrategi for perioden 2025-2028.

Vurderingar og konsekvensar

Behov og nytte

Eit oppdatert plangrunnlag vil:

- Gi betre politisk styring av prioriteringar.
- Gi meir føreseieleg fordeling av midlar.
- Styrke koplinga mellom arealplanlegging og vegutvikling.
- Gi betre oversikt over vedlikehaldsetterslep.
- Bidra til meir systematisk klimatilpassing.

Planen vil også avklare prinsipp for klassifisering av kommunale vegar og eventuelle kriterium for overtaking av private vegar.

Økonomiske konsekvensar

Sjølve planarbeidet vert gjennomført innanfor ordinære ressursar.

Tiltaksdelen vil innehalde kostnadsestimat og prioriteringar. Eventuelle investeringar og større tiltak må vedtakast gjennom økonomiplan og budsjett, jf. kommuneplanen sin samfunnsdel.

Planen vil kunne synleggjere framtidig investeringsbehov og eventuelt vedlikehaldsetterslep.

Administrative konsekvensar

Planarbeidet vert organisert med:

- Planutvalet som styringsgruppe.
- Administrativ arbeidsgruppe frå samfunnseininga.

Dette i tråd med planprogrammet.

Tilhøve til kommuneplanen

Samfunnsdelen (2024) legg til grunn at kommunen skal ha eit langsiktig perspektiv på forvaltning av infrastruktur og samfunnsutvikling.

Særleg relevant er satsingsområda knytt til:

- Kvalitet i kommunale tenester.
- Berekraftig utvikling.
- Samfunnstryggleik og beredskap.
- Stadutvikling i Bykle og på Hovden.

Arealstrategiane i kommuneplanen legg føringar for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging. Ein kommunedelplan for vegar vil vere eit viktig verkemiddel for å operasjonalisere desse strategiane.

Planarbeidet er også i samsvar med vedteken planstrategi.

Konsekvensar for folkehelse

Vegnettet har direkte betydning for folkehelse gjennom:

- Trafikksikkerheit (særleg for barn og unge).
- Trygg skuleveg.
- Framkome for naudetatar.
- Tilrettelegging for gåande og syklende.
- Universell utforming.

Eit systematisk arbeid med prioritering av tiltak kan redusere risiko for ulukker og styrke tryggleiken for mjuke trafikantar.

Planen vil også kunne bidra til betre klimatilpassing, redusert sårbarheit for flaum og skred, og slik styrke samfunnstryggleiken – noko som igjen er viktig for folkehelse og tryggleik.

Bykle,

kommunedirektøren

Vedlegg:

Vedlegg:

- 1 Planprogram plan for kommunale vegar

Melding om vedtak blir sendt til: